

## **Landsmøtuttaalelse: Regjeringa må revurdere vindkraftinngrep i trøndersk natur.**

Trondheim 1. september 2013

Vedtaket om vindkraft på Fosen, Snillfjord og Frøya med høgspenteledning fører til nedbygging av 500 km<sup>2</sup> naturområde, der over halvparten er inngrepsfritt.

Dimensjonane og inngrepa er ufattelege, eit areal tre gongar så stort som Trillemarka naturreservat, halvparten av Rondane nasjonalpark, eller like stort som Oslo kommune, medrekna Oslos del av Oslomarka. Om lag halvparten av all inngrepsfri natur langs kysten av Sør Trøndelag blir bygget ned.

Vi registrerer ikkje minst med sorg at Naturvernforbundet kandidat som landets fyrste kystnasjonalpark, Storheia skal bli fylt med turbinar, veganlegg og kraftliner. Området er unikt i landssamanheng, eit stort, variert og vakkert naturområde med lite inngrep som omfattar både kyst, fjord og fjell.

I desse områda skal det bli reist 450 turbinar, og naturen vil bli gjennomskoren og oppstykkja av breie vegar på i alt 250 km, med stor menneskeleg aktivitet også etter utbygginga. Dette er gigantiske industriområde for produksjon av energi, tappt som leveområde for mange artar, ikkje minst fugl. I tillegg kjem 25 mil kraftline langs kysten, av same type som Hardangerlina.

Vindkraftanlegga på Fosen, Snillfjord og Frøya er alle plasserte i område som «Nasjonale retningsliner for lokalisering av vindkraft» karakteriserer som «Særs sterkt konfliktpotensial», både når det gjeld tap av inngrepsfri natur (INON) i område der det er lite att og når det gjeld INON-område som er samanhengande frå fjord til fjell. Inngrepet kan også bli katastrofalt for reindriftnæringa på Fosen. Dersom dette vedtaket blir ståande, har regjeringa gjeve kraftselskapa klår melding om at det for framtida ikkje er naudsynt å følgje nasjonale målsettingar og retningsliner når det gjeld å ta vare på miljø, natur og samiske rettar.

Vedtaket bryt også ettertrykkeleg med nasjonale mål om å stanse tapet av biologisk mangfald og tapet av naturområde, spesielt INON-område. Noreg har eit stort ansvar gjennom å forvalte nokre av dei siste store kystområda i Europa med lite inngrep.

**Naturvernforbundet krever at regjeringa revurderer vedtaket.**